



Øleksperter orienterar om øl ved eit tidlegare høve på Dønhaug

Kjøpte du nokon av dei 11 ølslaga i Bierstube under Festidalen? I såfall bidrog du til eit vellukka eksperiment med å tilby gjestane noko meir enn industripils, pappvin og rusbrus, som uskedelingen Stein Edvard Myklebust uttrykkjer det i ein blogg.

Han var ansvarleg for dette tiltaket og held i bloggen fram at det var vellukka. Myklebust er litt over snittet interessert i øl, som han også uttrykkjer det om grunnen til at han vart engasjert. Han har mellom anna kåsert om øl i Humlepungens arrangement på Dønhaug og imponert med kunnskapane sine..

**Det vart under festivalen seld Punk IPA, Rip Tide, Trashy
Blonde, Brown Ale, East India
Pae Ale, Guinness, Edelweiss Snowfresh, Kilkenny,
Hoppy Joe, Lucky Jack og Sol.**

Myklebust skriv i bloggen at ølsalet fredag var over all forventning. Dei selde halvparten av innkjøpt øl til ein tredel av dei som kom på festivalen i helga. Om kvelden laurdag var det tomt i hyllene i spesialbaren. Totalt vart det seld 1 096 einheiter av ølsortane over samanlikna med 8 900 pils frå fat. Det vil seie 348 mot 3570 liter.

Myklebust presiserar at salet nærmar seg ein spesialøl for kvar annan som var der sjølv om det er barn saman med vaksne og dugnadsdeltakarar med fribillett med i reknestykket. Og på grunn av bongsystemet vart prisen for ein spesialøl sett til det samme som for ein pils.

- Erfaringane er så positive at jeg ikkje er i tvil om at det her er meir å henta både for både andre rockefestivalar og leverandørane, konkluderar øleksperen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen